

Informasjon om nasjonale prøvar hausten 2019

- til foreldra.

Føremålet med nasjonale prøver er å gi skulane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Informasjonen frå prøvane skal danna grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skulesystemet.

Nasjonale prøvar blir brukte til å vurdere og utvikle elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Prøvene i lesing og rekning er ikkje prøvar i faga norsk og matematikk, men i lesing og rekning som grunnleggjande ferdigheiter på tvers av fag. Prøvene i engelsk måler mellom anna leseforståing, ordforråd og grammatikk.

Elevar i 5. klasse skal gjennomføre nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk. Hovudregelen er at alle elevar skal delta. Elevar med rett til spesialundervisning eller rett til særskild norskopplæring kan få fritak frå nasjonale prøver. Desse elevane skal ikkje automatisk få fritak. Dei kan berre få fritak dersom det er klart at prøveresultatet ikkje vil ha mykje å seie for deira vidare opplæring. Sjølv om ein elev har rett til fritak, kan eleven sjølv eller foreldra likevel bestemme at eleven skal gjennomføre prøva.

Alle prøvane er elektroniske. Prøvene består av ulike tekstar, bilete og oppgåver med spørsmål. På opne oppgåver skal elevane svare med eigne ord eller med tal, mens fleirvalsoppgåver inneber at eleven skal velje eitt av fleire svaralternativ. Prøvene er sette saman av lette, middels og vanskelege oppgåver for å gi informasjon om elevane sine ferdigheiter på alle nivå. På www.udir.no er det eksempel på oppgåver som blir brukte i dei nasjonale prøvene.

Eleven og foreldra skal få tilbakemelding frå læraren om resultatata frå prøvane når resultatata er klare. Resultata skal ikkje brukast til å setje karakterar, men skal gi eit grunnlag for å vurdere kva elevane bør arbeide meir med. Resultata skal ein sjå i samanheng med annan informasjon om elevane, og dei skal brukast i arbeidet med tilpassa opplæring og undervegsvurdering. Skulen kan informere om korleis dei arbeider med å følgje opp resultatata for barnet ditt. Lærarane, skuleleiinga og Utdanningsdirektoratet har tilgang til resultatata på elevnivå. Alle har teieplikt om prøveresultatata til dei einskilde elevane, og det er strenge krav til at elevane sitt personvern blir sikra. Resultata frå prøvane blir brukte i analysar som skuleeigaren og skuleleiaren skal bruke i arbeidet med å utvikle kvaliteten på skulane.

For 5. klasse skal nasjonale prøver gjennomførast i tidsrommet frå 2. september til 27. september.

Meir informasjon om nasjonale prøvar finn de her: <http://www.udir.no/nasjonaleprover>

Austebygd skule 21.08.19

Vigdis Villanger

rektor